

Elin H. Fanebust
Lindåsvegen 2088
5955 LINDÅS

Våge, 03.03.2017

Lindås kommune
Byggesaksavd.
Tone Margrethe Berland Furustøl

Kopi: Advokatfirmaet Harris Da

NY FRIST FOR KLAGEBEHANDLING - 99/4 VÅGE

Lindås kommune sitt brev av 03.02.17 og 24.02.17

Underteikna sende svar til kommunen via e-post den 17.02., dvs innan førre frist, og må berre beklage dersom det ikkje har nådd rett adressat. Det vart adressert postmottak@lindas.kommune.no, som vanleg, og hadde overskrift som ovanfor. I brevet mitt av 17.02. gjekk det fram at det no var dialog om den nye traseen. Vidare at status for klagen var heilt avhengig av eventuell positiv tilbakemelding frå Eikevik om endringar i sitt tiltak. Eg gjorde for ordens skuld merksam på at ønsket om utsetjing av klagehandsaminga ikkje hadde kome frå meg, men at eg såg positivt på ei utsetjing så lenge det medførte håp om endring i tiltaket.

Dette har skjedd:

Eikevik v/Harris har på eige initiativ lansert/sendt meg ein «AVTALE OM VEG», ferdig til underteikning, der eitt av punkta seier at eg skal trekkje tilbake klagen, og det øvrige innhaldet i «avtalen» er av ein karakter som gjer det uråd for meg å signere. Mi erfaring med Eikevik har diverre vist at det er heilt naudsynt å sikre seg og sitt så godt ein kan. Eikevik har vist at han ikkje kvir seg for å ta mandat over også annan manns eigedom. Utan å spørje t.d. beslaglagt min einaste parkeringsplass lørdag etter lørdag, utan å spørje brukt jordet mitt til lagerplass for sine skytefasiner, brukt jordet **mitt** til å forflytte tunge boretårn over i staden for eige jorde(djupe spor og stor skade), han har utan å spørje kappa trær på min eigedom og berre **tatt** dei, han har utan å spørje gått laus med gravemaskin inne i **min** hage og grave vekk store mengder matjord. Ingen beklaging av noko av dette i ettertid, dette er visst for Eikevik slik det skal vere. Då seier det seg sjølv at andre må ta forhåndsreglar.

Eg har såleis utforma mitt eige framlegg til veg-avtale, og sendt denne til Harris/Eikevik. I denne avtalen vert det, forutan detaljert avtale om ny del-trase, tatt høgde for at kulturlandskapet i det gamle tunet på Våge i størst muleg grad vert bevart, dette i motsetnad til det som ligg i tiltaket/rammeløyvet hans, der gamletunet + nærområdet vert omgjort til utbyggingsområde i form av skyting, veganlegg, parkeringsplassar. Størst muleg grad av bevaring av kulturlandskapet i gamletunet er eit hovudanliggende i mi klage, dette samsvarer også med den konsesjonen Eikevik har å forhalde seg til. Det vil vere heilt uaktuelt å trekkje klagen utan at Eikevik viser vilje eller gjer noko på dette punktet.

Diverre viser svarbrevet frå Harris/Eikevik at det til no manglar slik forståing. Dette svarbrevet viser også at advokaten er «mata» med usakleg og uærlig informasjon frå Eikevik, t.d. når det gjeld veg-kostnad. Iflg. Harris/Eikevik er kostnad nordre stikktrase (**raud** linje i vedl kart), oppgitt frå

Eikevik til 40.000, medan Eikevik opplyser kostnad for søndre stikktrase (**blå** linje +forlenging til eksisterande veg) til **500.000**. Det grove her er at vi sit med eit kostnadsoverslag frå den eksakt same entreprenøren som Eikevik viser til, på den eksakt same stikk-traseen + 30 meter ekstra veg, ferdig grusa. Vårt kostnadstilbud frå denne entreprenøren lyder på 200.000 (mot Eikevik sine 500.000!!), sjølv desse 200.000 har vi i samtale med Fana Agro funne muleg for høge. Også fleire andre ting i svarbrevet frå Harris/Eikevik vil verte naudsynt å imøtegå.

Eg oversender kommunen vedlagt **mitt** forslag til Avtale om veg, som eg kjem til å oppretthalde ovanfor Eikevik. Legg også ved tilbakemeldinga eg 1.3. mottok frå Harris/Eikevik, og som eg over helga vil gje Eikevik ei kort kommentering på. Vil då sende kopi av denne til Lindås kommune. Pr idag opprettheld eg mi klage, og det ser ut for at dette også kan verte resultatet dersom ingen akseptable framlegg frå Eikevik dukkar opp i næraste framtid.

Med vennleg helsing

Elin H. Fanebust

(utan signatur pga elektronisk brev)